



Årsmelding 2013

Idrettslaget VETEN





1 INNLEIING

1.1 GENERELT

Denne årsmeldinga oppsummerer aktiviteten i Idrettslaget Veten for året 2013. Årsmeldinga er framlagt på årsmøte på Nordfjord Fritidssenter 02.02.2014.

1.2 STYRET/TILLITSVALDE

Tillitsvalde etter val på årsmøte 28.01.2013

Styret

| | |
|------------------------|--------------------------------|
| Administrativ leiar: | Oddvin Myklebust |
| Aktivitetsansvarlig: | Kristin Heimlid Øiestad |
| Nestleiar: | Ivar Bergset |
| Sekretær, utd.kontakt: | Siri Ulvedal |
| Kasserar: | Lillian Gausnes Fenn |
| Styremedlem: | Inger Langvik (styreleiar NFS) |
| Varamedlem: | Antti Hannukainen |
| Varamedlem: | Jon Kåre Blakset |

Barneidrett

| | |
|---------|-----------------|
| Leiar: | Kristin Øiestad |
| Medlem: | Vigdis Staff |
| Medlem: | Randi Jøingsli |

Skigruppa

Langrenn

| | |
|---------|------------------|
| Leiar: | Ragnvald Bergset |
| Medlem: | Oddvin Myklebust |
| Medlem: | Anne Stubdal |

Hopp

| | |
|----------------|------------------|
| Leiar: | Jon Kåre Blakset |
| Trenar: | Jon Kåre Blakset |
| Medlem | Jon-Rune Heimlid |
| Trekkansvarleg | Alf Edvard Roset |

Alpint

| | |
|---------|--------------------|
| Leiar: | Olav Erik Hagen |
| Medlem: | Kurt-Ove Stensaker |

Nakkjen Ned

| | |
|----------------|-------------------|
| Kontaktperson: | Antti Hannukainen |
|----------------|-------------------|

Orienteringsgruppa

| | |
|---------|-------------------|
| Leiar: | Anders Bergset |
| Medlem: | Kjell Ove Bergset |
| Medlem: | Ivar Bergset |
| Medlem: | Bjarte Bergset |

**Trimgruppa**

Leiar: Ottar Ulvedal
Medlem: Hallvard Almenning
Medlem: Ann Iren Ulvedal
Fjelltrimmen: Bernt Ragnvald Veddegjerde
Bading: -
Idrettsmerke: Arne M. Sølvberg

Teknisk nemnd

Leiar: Olav Nyberg
Driftsleiar skitau: Jan Reidar Tvinnereim
Medlem: Nils Helge Sølvberg
Medlem: Anders Magne Bergset

Holmøyskarrennet

Styremedlem for IL Veten: Anders Bergset
Styremedlem for IL Veten: Ragnvald Bergset
Utsending til årsmøte: Styreleiar i IL Veten
Utsending til årsmøte: Kasserar i IL Veten

Nordfjord Fritidssenter, IL Veten sine repr.

Medlem: Inger Langvik
Medlem: Sonja Bratland
Medlem: Kjell-Olav Gausnes
Medlem: Oddvin Myklebust (styreleiar IL Veten)
Vara: Rune Berglid

Andre tillitsvalde

Reknesaksførar Jorunn Roset
Revisor: Johanna Myklebust
Revisor: Kari Sølvberg
Heimesideansv.: Øyvind Blakset

Valnemnd

Leiar: Irene Kroken Bergset
Medlem: Svein Arild Bergset



1.3 Medlemstal

Ved utgangen av 2012, er det registrert følgjande medlemstal:

| Alderstrinn | Kvinner | | | | | Menn | | | | | Total |
|-------------|---------|---------|----------|----------|---------|--------|---------|----------|----------|---------|-------|
| | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 – år | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 – år | |
| Medlemar | 5 | 20 | 9 | 11 | 87 | 7 | 24 | 9 | 19 | 139 | 330 |

1.4 Møter og tilstellingar i 2013

- Årsmøte
- 9 formelle styremøter mellom årsmøta
- 14 ulike saker. Fleire har gått igjen i fleire møter
- Sak: Samarbeidsavtale med Markane IL for Hovudlandsrennet 2014 i Nordiske greiner
- Sak: Plastlegging hoppbakkar. Sjå eiga orientering
- Årsfest/basar

Vi har hatt utsendingar til følgjande møter/seminar:

- Stryn Idrettsråd
- Årsmøte i Holmøyskarrennet
- Seminar Regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 på Skei, Fylkeskommunen
- Sogn og Fjordane Skikrins sine møter
 - Vårmøte på Skei
 - Haustmøte på Skei

Leiaren er fast innkalla på styremøter i Nordfjord Fritidssenter.

1.5 Særforbund

Idrettslaget er medlem i følgjande forbund

- Norges Skiforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Fotballforbund (i samarbeid med Hardbagg IL)

1.6 Utdanning

Sjå årsmeldingane til dei ulike gruppene.

1.7 Arrangement

Vetenrennet, Nakkjen Ned, Holmøyskarrennet (saman med Hardbagg), Panoramamarsjen, krinsløp i orientering og SFE cup hopp finale.

Elles hadde vi dei vanlege lokale renna i hopp, langrenn og nær o-løpa. Viser elles til årsmeldingane frå gruppene.



1.8 Anleggsarbeid

Hovudfokuset har i år vore på plastlegging av K15 og K40. Arbeidet vart oppstarta haust 2013 og skal vere ferdig 10. juni 2014. Olaf Sølvberg har vore prosjektleiar, og styrt prosjektet på ein framifrå måte. I tillegg til plastlegginga, har ein også fått oppjustert profil for begge bakkane. Særliig i K40, var dette arbeidskrevjande då ein måtte sprengje ut ny profil for overrennet.

Pr. i dag gjenstår plastlegging av K40, kunstgras på slette, trasè skitau og vatningsanlegg.

Prosjektet er kostndasrekna til 5,3 mill. Av eksterne midlar, har ein fått 1,4 mill. i t.m., 1 mill. i ekstramidlar frå KKD, 250.000, frå Stryn kommune, 250.000, frå fylkeskommunen og ein forventar ca. 5000.000 i mva. refusjon. Totalt 3,4 mill. i eksterne midlar. I finansieringsplanen, er det lagt opp til eit kontantbidrag frå laget på 500.000 og frå NFS 270.000. I tillegg til dette kjem eigeninnsats til ein verdi av 1 mill.

Ein har fått godkjendt arbeidet med opprydding etter flaumskade og motteke fullt oppgjer for dette. Takka vere god innsats frå laget, har dette gitt eit overskot på ca. 198.000

Turløypa til Kleiva er utbetra frå Sølvbergstølen og utover på fleire parti.

Like eins har ein fullført arbeidet i den nye trasèn for Holmøyskarsløypa innanfor Rosetstølen.

Samla kostnad på utbetring av løypenett er 92.000,-

2 AKTIVITETEN I STYRET/ARBEIDSUTVAL

2.1 Generelt

I tillegg til saka om plastlegging, har arbeidet med å få til ei Samarbeidsavtale med Markane IL for Hovudlandsrennet 2014 i Nordiske greiner, tek ein del tid.

IL Veten vert her «teknisk arrangør» for hopp og kombinert. For dette får vi ein fast avtalt sum på 185.000,- kr får MIL og 10.000,- kr frå Skikrinsen. Vi må då sjølve dekke preparering, anleggsleige, innkjøp kiosk m.m., men får behalde inntekter frå kiosk og parkering. Samla gir dette eit forventa overskot for laget på ca. 100.000,- kr

Det har vore bra sportsleg aktivitet i mange greiner med gode resultat. Men styret meinar at det er gode mulegheiter for å auke breidddeaktiviteten, altså få med fleire både unge, vaksne og eldre i ulike aktivitetar – her ligg det eit potensiale som både styret og dei ulike gruppene bør ta tak i.

Vil og nemne at laget deltok i organiseringa av Nordfjordrittet på «vår» del av løypa. Dette var positivt, og vi har signalisert at vi ynskjer å delta endå meir aktivt komande arrangement.

Styret vil gjerne nytte høvet til å takke alle positive folk som stiller opp og hjelper til i ulike samanhengar i regi av idrettslaget. TUSEN TAKK til alle!

2.2 Ole Petter Støve sitt mingefond.

Idrettslaget har fått ansvaret for å dele ut ein pris frå eit mingefond etter Ole Petter Støve. Prisen skal delast ut til ein person/organisasjon som har nedlagt eit stort dugnadsarbeid for Vangen Aktivitetsenter/Nordfjord Fritidssenter. Denne prisen blei delt ut første gong i 2001. Det blei for 2003 bestemt at fleire priser kunne delast ut same år.

Ein ynskjer å tildele Ragnvald Bergset denne prisen for 2013 for den innsatsen han har lagt ned gjennom ei årekke for å etablere lysløype og turløyper i området rundt og tilknytta NFS. Han har også hatt det praktiske og organitoriske ansvaret rundt dei fleste langrennsarrangement Dette er arrangement som er eit viktig tilskudd til drifta ved NFS. Vi vil takke for innsatsen.

- Prisvinnarane tidlegare år er:
- 2001 Arvid Sølvberg
 - 2002 Arne Berglid
 - 2003 Ola Ødegård og Bodvar Sølvberg
 - 2005 Torhild, Per Egil Steinsåker og Anders Bergset
 - 2007 Erik Ivar Ulvedal
 - 2011 Olav Nyberg og Jan Reidar Tvinnereim
 - 2013 Ragnvald Arnfinn Bergset



2.3 Æresmedlemar

Æresmedlemar pr 2011:

- Leiv Blakset post mortem ved Åsta Blakset
- Arne Berglid post mortem ved Ragnhild Berglid
- Jon Kåre Blakset
- Ola Ødegård
- Erik Ivar Ulvedal

2.4 Stimulansepokal

Styret vil tildele IL Veten sin stimulansepokal for 2013 til familien Olav Erik Hagen for sin innsats for alpinidretten i over 13 år. Som aktive alpinistar vil vi takke Sigbjørn, Fredrik, Mathias og Daniel for deira gode resultat og evne og innsats til å yte det som krevst i ein så krevjande idrett.

Like eins vil ein tildele Isak Bergset stimulansepokal for 2013 for svært gode resultat både nasjonalt og internasjonalt i orientering. Allsidig idrettutøvar med ei fantastisk treningsvilje.

IL Veten vil takke både fam. Olav Erik Hagen og Isak Bergset for deira innsats for laget, og ynskjer at dei lukkast vidare med sin innsats for dei to idrettane.

3 ØKONOMI

3.1 Generelt

Resultatet viser eit underskot i ordinær drift på i 26.000,-.

Det er krevjande å få til gode resultat i laget med dei meir eller mindre faste utgiftene ein har. Økonomien i laget er heilt avhengig av større arrangement med positive bidrag – også arrangement som Nakkjen Ned, har truleg større inntektpotensiale. Laget har god likviditet, men det er heilt nødvendig med god kontroll på utgiftene for å ikkje tære for mykje på oppsparte resursar.

Pr. årsmøtet har laget gått inn med 250.000,- kr til utbygging av plastbakkane, som pr. i dag står som eit lån til NFS. NFS ynskjer at laget skal yte i årleg driftstøtte. For 2013 har laget ytt 30.000,- kr i slik støtte

Sponsoravtaler: Vi har planar om å arbeide aktivt mot mulege sponsorar, men styret har fortsatt ikkje fått gjort dette som planlagt. Dette arbeidet er tidkrevjande, men vi trur at det skal vere muleg å hente inn ein del kroner på dette.

3.2 Tilskot

Tilskot frå fylke og kommune er av dei viktigaste inntektskjeldene til laget. Det er difor svært viktig at vi kan behalde status som fylkes-/regionanlegg i hopp og kombinert. Sjå vedlegg, rekneskap som viser dei ulike tilskota.

4 ÅRSMELDINGAR

4.1 GENERELT

Styret har motteke årsmeldingar frå desse gruppene:

- Barneidrettsgruppa
- Fotball (samarbeid mellom Veten & Hardbagg)
- Trimgruppa inkl. Idrettsmerkegruppa
- Fjelltrimmen
- Skigruppa, Langrenn
- Skigruppa, Hopp
- Skigruppa, Alpink
- Orienteringsgruppa

Den største aktiviteten generelt i laget er i aldersgruppa 5 - 12 år. Dette er naturleg då satsingsområdet til idrettslaget er born i den aldersgruppa. Styret ønskjer innspel for å prøve å få til eit betre tilbod til ungdomane i laget. Også denne hausten har det vore aktivitet for dei vaksne damene i form av sirkeltrening i gymsalen på Nordsida skule.



Årsmelding for Barneidrettsgruppa 2013

Medlemmar:

Barneidrettsgruppa har bestått av følgjande medlemmar i 2012:

Kristin Heimlid Øiestad, leiar

Vigdis Staff

Randi Jøingsli

Aktivitet:

Barneidrettsskulen er hovudaktiviteten til gruppa. Denne er eit tilbod til barna i alderen 5-12 år, i IL Veten «sitt område». Formålet er å gje barna høve til å prøve ulike aktivitetar/idrettar både ute og inne. Aktivitetane skal vere tilrettelagt med ulik vanskegrad.

Vinteraktivitetane var ved Nordfjord Fritidssenter. Haustaktivitetane var ved Fritidssenteret og i gymsalen på Nordsida skule.

Vinterhalvåret delte vi som vanleg inn etter ferdighetsnivå uavhengig av alder. Hausthalvåret måtte vi dele i tre grupper då det var heile 49 barn som kunne delta på idrettsskulen. Inndelinga var 5-6 år, 7-9 år og 10-12 år.

På aktivitetsplanen for vinteren 2012 hadde vi god hjelp av Hoppgruppa, med Jon Kåre Blakset i spissen, som hadde hopp-trening. Dei dagane det var hopp var det SFE-cup for dei som ville vere med på det. For at dei som ville skulle få anledning å delta på alle renna i SFE-cupen valde vi å ikkje sett opp aktivitet ved Fritidssenteret dei tysdagane det var cup i Hornindal (deltakinga var svært lita første tysdagen, betre andre). Elles hadde vi både langrenn, skileik og aking, i tillegg til at vi nytta skitrekket.

Siste gongen før påske hadde vi avslutning med pizza-snurrar etter at barna hadde fått boltra seg i trekket.

Hausthalvåret starta vi opp i september. Vi hadde padling, sykkel, volleyball (ute), kanonball, fotball, hinderløype, badminton, skyting, dans og aerobic. Som avslutning før jul fekk vi besøk av 6 flinke elevar frå sirkuslinja ved Nordfjord Folkehøgskule. Dei hadde show for oss, før barna fekk prøve både sjonglering og akrobatikk.

Vi må elles få takke alle som har vore med å ta ansvar for dei ulike aktivitetane og har gjort dette til eit år med aktivitetar som barna har sett stor pris på.

Deltaking:

| Fødselsår | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | Totalt |
|--------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|--------|
| Målgr. vinter 2012 | 6 | 4 | 7 | 4 | 7 | 4 | 6 | 8 | | 46 |
| Målgr. haust 2012 | 1 | 5 | 7 | 4 | 7 | 4 | 6 | 8 | 7 | 49 |

Deltakinga på Barneidrettsskulen har vore veldig god, utan unntak har samtlege i målgruppa vore med på ein eller fleire av aktivitetane.

Blakset, januar 2013
For Barneidrettsgruppa Kristin Heimlid Øiestad



Årsmelding frå fotballgruppa 2013 (Hardbagg II si melding).

Gruppa har bestått av: Jan Ove Hopland(leiar), Eivind Hopland,Sindre Olsen Skrede,Ronny Tvinnereim

Vi har og i 2013 hatt godt samarbeid med Veten IL i den aldersbestemte fotballen.

Miniputt: Eivind Hopland har som vanleg hatt full kontroll og ytt betydelege bidrag for å halde aktiviteten oppe. Som vanleg har det vore ei trening i veka frå mai til september for årstrinna 6-9 år,og vi stilte med 5 lag på alle dei 4 turneringane som blei arrangert. Foreldrene har som vanleg stilt opp som sjåførar og heiagjeng til trening og kamp.Kort sagt har det vore god aktivitet i desse klassene,som vanleg!

G10: For første gong hadde vi med lag i serien i denne klassa. Jon Rune Heimlid var leiar for laget.Frå Hardbagg deltok Jon Nesdal.Frå Veten Sondre Roset,Runar Heimlid,Tom Adriel Jevnlid,Jon Magnus Sollid,Tord Sølvberg og Ingunn Bergset.Ei trening i veka i lag med G12-laget og 8 kampar mot lag frå Hornindal,Stryn og Sandane,og trenarar var Steinar Aaland og Sindre Olsen Skrede

G12: Elisabeth Strøm var lagleiar.Frå Hardbagg deltok Markus Lykkebø,Martin Aaland,Rasmus Bergsvein Tvinnereim,Malene Hopland,Gunn Kristi Tvinnereim,Marie Alme,Alf Thomas Takle Tytingvåg og Alf Tore Henden. Frå Veten Elias Bergset,Leif Inge Jevnlid,Daniel Hagen og Sven Bergset.Ei trening i veka i lag med G10 og 14 kampar mot lag frå indre og midtre nordfjord.

Dommar: Stor takk til Edvar Tvinnereim som har stilt på som dommar,eller skaffa dommar på alle G10 og G12 sine heimekampar

Det har ikkje vore faste organiserte treningar på seniornivå på Ålandsleitet,men folk har samlast til trening ved høve,og det har vore spelt en seniorkamp på mot Veten i 2013.

Takk til alle som på sin måte har bidrige med hjelp i 2013.

For fotballgruppa
Jan Ove Hopland,leiar

Årsmelding frå trimgruppa 2013.

PANORAMAMARSJEN: Marsjen vart arrangert sø. 11. aug. Veret var dårleg og deltakinga ikkje særleg stor. (77 registrerte) Arbeidsgruppa har konkludert med at det er behov for å få til ei fornying av opplegget. Arbeidet med løpenettet held fram. Dette året er fem-toppsturen («Storerunden») blitt ferdig skilta. Vedlikehaldet av stiane har stort sett blitt gjennomført.

Her er litt statistikk for Panoramamarsjen 2013:

Totalt tal registrerte: 77

Kvinner: 40

Menn: 37

Eldste: 71 år

Yngste: 2 år

Dei med mest poeng i 2013:

Sondre Kristiansen: 23

Erlend Bakken: 22

Isak Bergset: 22

Anders Bergset: 21

Åse-Berit Nytun: 20

Dei med mest poeng totalt:

Sondre Kristiansen: 131

Isak Bergset: 104

Anders Bergset: 100



IDRETTSMERKE: Interessa for å ta idrettsmerket har dessverre ikkje auka, men er nokolunde stabil. Prøvetaking laurdag 21.12. var gjort kjent med plakatar og lappar i postkassane til dei som har vore faste merketakarar siste åra. I alt er det to kvinner og tre menn som har fått protokollført fullførte prøver i 2013.

Ottar Ulvedal

Årsmelding Fjelltrimmen 2013

Fjelltrimmen 2012/ 2013 samla i alt 14634 poeng fordelt på 94 personar. Det er berre nokre av dei som har vore på toppane våre, men vi konsentrerte oss om dei lokale.

I år var det tronskifte på toppen, bokstaveleg talt, med Anbjørn Sølvberg som den desiderte mest ihuga poengsamlaren av alle. Han fekk heile 1754 poeng, med 4 turar på Holmøyskareggja, 80 på Heida, 72 på Bergsetnakkjen og 2 på Blåeggja. På andre plass kom Kjell Roset med 1126 poeng, og Sondre Kristiansen på tredje med 607 poeng.

Liv Kristiansen fekk mest poeng av damene med 1140 poeng, fordelt på 42 turar på Heida, og 60 turar på Bergsetnakkjen. Jorun Skrede vart nummer 2 med 751 poeng, med Hanne Kristiansen på tredje med 570 poeng (berre 7 poeng føre Berit Takle).

Det er gledeleg å sjå at dei yngre er svære til å gå på fjellet, mellom andre Sondre Kristiansen (607 poeng), og Erlend Bakken (408 poeng). Dei er gode utfordrarar.

Resultata elles ligg på IL Veten sine sider på nettet.

Denne sesongen var boka på Glittereggja borte i ein periode, men så dukka ho oppatt, og eller vart erstatta. Det gjorde sikkert ikkje så mykje for poenga sin del, sidan det er ein topp som er mindre vitja. Dessutan var det nokre som førte opp poeng for tidlegare turar i etterkant.

Vi må igjen etterlyse eit betre system for dette med Fjelltrimmen. Det er mogleg å ha betre bøker, og til dømes to bøker, ein som er merka Fjelltrimmen, og ei vanleg, berre for registreringa si skuld. Då tel ein lett kor mange turar det er teke på toppane, og tek det med i statistikken. Ein ting er det tekniske, om dei skal bruke slike brikker som dei gjer i orientering. Eventuelt kan ein lage til eit system at dei som er med på Fjelltrimmen registrerer seg på nettet, og dermed held teljinga sjølv. Dei kan også levere inn ei liste ved trimslutt ca. 20 september. Vi vil be årsmøtet om å ta stilling til dette snarast, eller finne ei løysing som gjer registreringa lettare. Ein kan bli lettare «hautulen» ta å lese namn etter namn. :)

Til slutt vil vi rette ein stor takk til de som har vore og henta bøkene i år. Det er ei kjærkoma hjelp som blir sett stor pris på. Tusen takk!

Mvh. Bernt Ragnvald Veddegerde



Årsmelding for langrennsgruppa IL Veten 2013

Gruppesamansettning

Leiar : Ragnvald Bergset
Medlem: Oddvin Myklebust
Medlem: Anne Stubbledal

Møte og kurs:

Eit møte i gruppa for å planlegge vintersesongen. Deltok på skikrinsen sitt haustmøte på Skei.

Trening

Trening to kveldar ved Fritidssenteret, onsdag for 13 år og oppover, fredagar trening med instruktør for aldersgruppa 8 – 12 år. Annankvar gong klassisk og fri teknikk.
Desse skifta på å vere trenarar: Anders, Sondre, Bjarte, Oddvin og Ragnvald.

Arrangement og resultat

Vi arrangerte Vetenrennet med 96 deltagarar.

I tillegg arrangerte vi 3 cuprenn, derav det eine var lagsmeisterskap. Desse hadde også deltagarar frå Hardbagg. Vi var som vanleg medarrangør på Holmøyskarrennet som vart avvikla med start og mål på Nordfjord Fritidssenter. Den nye traseen fekk mykje skryt og rennet vart avvikla i eit strålende ver. Hardbagg og Veten stod som arrangør.
Vi hadde nokre deltagarar på lokale kretsrenn, og på fleire turrenn - deriblant Birkebeinerrennet .

Skigruppa vil takke løypekøyrarane for fine løyper og god innsats, samt oppmode fleire om å gje økonomisk støtte til løypekøringa – også ut over ordinær parkeringsavgift. For å skape aktivitet rundt anlegget er vi avhengige av å ha trakkemaskiner i drift, og den dagen vi ikkje har råd til å ha maskiner vil det vere slutt på det meste av aktiviteten også.

Fjelli, 19. januar 2014,
Ragnvald Bergset
-leiar langrenn-

Årsmelding hoppgruppa 2013

Styre

Leiar/trenar: Jon Kåre Blakset
Styremedlem: Jon Rune Heimlid
Trekkansvarleg: Alf Edvard Roset

Aktivitetar og treningar:

Det vart ein kort sesong. Første trening hadde vi 12.02, avslutta med lagsrenn 19.03.
Som vanleg var det samarbeid med idrettsskulen, noko som er viktig for rekrutteringa!

Tysdagstreningane – utanom idrettsskulen – har hatt mellom 5 og 8 deltagarar. Dei eldste har vore 12 år.
Treningstidspunktet var kl 1900 -2030 (etter idrettsskulen). Bakkar som har vore nytta, er frå K1 -K40. K25 har ikkje vore tillaga i 2013. K70 vart laga til til dei 2 største renna vi hadde.

Medhjelparar -opplegget for å lage til bakkane til trening/idrettsskule fungerte stort sett OK, men ein del «gløymde» dagen sin. Det var heller ikkje dei største utfordringane snø- og vermessig i år.

**Arrangement:**

- ▲ 05.02/12.02: Idrettsskulen. ca.30 deltagarar
- ▲ 10.02: KM hopp/kombinert. Totalt 25 deltagarar i hopp og 17 i kombinert. Av desse hadde Veten 13/11 deltagarar.
- ▲ 12.02: SFE-cup Bjørkelibakkane. 26 deltagarar
- ▲ 05.03: SFE-cup Hornindal. 7 deltagarar frå Veten
- ▲ 17.03: SFE -cup, finale/krinsrenn: 26 deltagarar, 15 frå Veten
- ▲ 19.03: Lagsrenn: 26 deltagarar

Deltaking.

Som det viser under punktet over, har deltakinga vore bra lokalt. Det er omlag same tala som i fjar.

Anlegg:

Det har vore ei stor oppgradering av hoppanlegget i haust/vinter med porselelenspor/varmekablar i tilløp K15 og K40. Begge bakkane er omarbeidde profilmessig, og K 15 er ferdig plastlagd. Gruppa går ikje nærmare inn på dette arbeidet, då det truleg vert med i styret si årsmelding.

Men vi vil likevel nytte høvet til å takke Olav, og dei andre som har vore involverte i arbeidet, for ein stor innsats!

Arbeidet som er gjort – tillegg til å kunne nytte anlegget sommarstid – vil og redusere klargjering av tilløp vinterstid. Dette er viktig med tanke på bruk av innsats/mannskap i vinterhalvåret.

Vegen vidare:

I og med at vi ikkje har nokre «eldre» aktive som kan vere litt motor og inspirator, er det viktig å byggje på idrettskulesamarbeidet vidare. Det er berre litt trasig at siste vinter har vore noko unormal med tanke på lengde på sesong. Det førde mellom anna til få treningar og få idrettsskulekveldar. Men vi får vere litt optimistar!

Elles:

- ▲ Halde fram med «medhjelparordninga» i samband med klargjering av anlegget for trening tysdagar
- ▲ Samarbeide med styret om vedlikehaldsplan for anlegget
- ▲ Bruk av K70 til treningar? Viktig med signal frå styret
- ▲ Fordeler meir konkrete arbeidsoppgåver i hopgruppa (skiutlån/oppgradering av skiutstyret, oppmannsfunksjon, rekrutteringsarbeid; trenarfunksjon o.a.)
- ▲ Kunne nytte meir tid direkte retta mot trening/aktivitet
- ▲ Gruppa har registrert innspel i samband med trekkløysing i bakkane. Positivt!

Elles vil gruppa som vanleg nytte høvet til å takke alle som stiller opp og hjelper til med arrangement og preparering. Der er ikkje ofte vi får nei!!

Årsmelding Alpingruppa. 2012

I 2013 har fam. Hagen fortsatt med sin aktivitet i alpin miljøet. Vi har trenta i lag med Stryn Alpin. Det er Mathias og Daniel som har delteke i lokale og nasjonale renn. Nasjonale renn som dei har delteke i er for Mathias, Hovedlansrenn Utfor på Hafjell, der han plasserte seg midt på resultatlista. I forkant av HL var der treningsamling i 4 dager, der han hadde med seg Sigbjørn som trenar/lagleiar. Daniel var med på Bendit Alpinfestival på Ål, der alle landets best i hans klasse er med. Han plasserte seg midt på resultatlistene i dei renna han fullførte. I lokale renn har Daniel hevdha seg i toppen på alle renn. Mathias og Sigbjørn tok kvar sin KM medalje i Utfor på Grotli.

Vi har vore med Stryn Alpin å arrangert kretsrenn og treningsamlingar. I tillegg til dette arrangerte vi lagsrenn Veten 2 påskedag, med god deltaking. På dette rennet lånte vi stikker frå Stryn Alpin.

I tillegg har vi delteke på alle samlingar i regi av Sog fj skikrins, inkl 7 dagen i Hintertux. Har trene barmark i lag med hopperane i nyehallen i Hornindal.



Økonomi

Alle start kontigenter og andre utgifter er finansiert privat.

Med desse resultata og denne aktiviteten er brødrene Hagen med på å sette Veten il på kartet, innen alpin sporten også i år, slik dei har gjort dei siste 10-12 åra.

Med helsing

Olav Erik Hagen Årsmelding alpingruppa 2012

Årsmelding orientering 2013

Gruppemedl. Anders Bergset (leiar), Bjarte Bergset, Ivar Bergset og Kjell Bergset

Møte: Planleggingsmøte mars 2013., elles på e-post/telefon

Arr.: Km-lang på Sølvbergstøylen 01.sep. (43 delt.)

3 stk Nær O-løp herav 1stk lagsmeisterskap,(35-50 delt.pr.løp)

2stk O-tekniske treningar

Deltaking: Utenom nær o-løp i Nordfjord og krinsløp har vi delteke på Pinseløpa på Hamar(3løp), O-Land i oppland(3løp), Sommarløpa i Nord-østerdalen(3løp), og O-Ringen i Sverige(5 løp)

Samlingar: Hamar i pinsa: Sven Langvik, Elias Bergset, Bjarte Bergset, Sondre Kristiansen, Kristi

Bergset, Kasper Koppang

Førde: Elias Bergset

Isak har mange gode resultat i norgescup -løp og stafettar for NTNUI, med 17pl.i NM Ultralang som beste pl.

O-gruppa

Anders Bergset



Resultatrekneskap 2013

| | 2013 | 2012 |
|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| Inntekter | | |
| Medlemskontigent | -17 160,00 | -15 908,00 |
| Tilskot Fylke / Kommune | -100 000,00 | -100 000,00 |
| Sponsormidlar Sp.b. S og Fj | | -30 000,00 |
| Sponsorinntekter firma | | -7 500,00 |
| Akt.midlar idr.forb. LAM | -15 000,00 | -20 000,00 |
| Momskompensasjon | -18 710,00 | -16 028,00 |
| Grasrotand. Norsk Tipping | -18 244,62 | -10 701,31 |
| Kulturmiddlar | -34 000,00 | -32 000,00 |
| Arrangørstøtte | | 0,00 |
| Parkering Fritidssenteret | -44 797,00 | -32 600,00 |
| Fritidssenteret del parkering | 17 918,80 | 13 040,00 |
| Gåve Løypepreperring | -2 500,00 | -1 500,00 |
| Leigeinntekt utstyr | -1 750,00 | |
| Basar/Årsfest | -29 300,00 | -35 096,00 |
| Overskot kiosk | -1 535,00 | -3 184,00 |
| Startkont. løp/renn | -7 162,88 | -3 192,00 |
| Nakkjen Ned | -12 534,00 | -8 260,00 |
| Vetenrennet | -6 250,00 | -3 230,00 |
| Vestlandsm.skap KM hopp | | -1 700,00 |
| Badeinntekt | | -4 504,00 |
| Treningsavgift sirkeltrening | | -1 200,00 |
| Vangen Skitau | -24 184,00 | -16 981,00 |
| Dugnadsarb.Nordfj.rittet | -2 000,00 | |
| Sum Inntekter | -317 208,70 | -330 544,31 |
| Kostnader | | |
| Utgifter Basar/Årsfest | 3 855,00 | 1 464,80 |
| Utgifter renn/løp/idr.skule | 2 809,30 | 4 918,20 |
| Møteutgifter | | -70,00 |
| Lønn til ansatte | | 39 600,00 |
| Bensin, dieselolje | | 350,42 |
| Straum hopp/skianlegg | 9 171,45 | 3 724,28 |
| Leigeutgifter andre | 300,00 | |
| Leige Symjehallen | | 5 330,00 |
| Leige Skular | | 1 140,00 |
| Leige Prepareringsutstyr | 113 535,00 | 136 962,50 |
| Hoppbakkeleige | 1 700,00 | 1 700,00 |
| Instruktør/vakt bading | | 1 870,00 |
| Utstyr | 877,00 | 5 074,00 |
| Hoppanlegg utstyr | 1 905,50 | 2 272,50 |
| Kostnad lysløype | 6 375,00 | 4 107,00 |
| Kostnad tau | 650,00 | 27 669,00 |
| Kostnad Skiløype | 91 866,54 | |
| Veritas godkjening | 5 863,00 | 6 700,00 |
| Dommarutgifter | | 2 000,00 |
| Kontorkostn./rek. / trykksaker | 3 085,00 | 3 605,00 |



| | | |
|-----------------------------------|-------------------|--------------------|
| Bøker, blad osv. | 440,00 | 677,00 |
| Dattekostn./medlemsservice | 3 566,13 | 2 524,51 |
| Porto | 264,00 | |
| | | |
| Reisekostnader | 3 055,00 | 2 382,20 |
| Annonser | 478,00 | 1 389,00 |
| Kontingentar | 10 500,00 | 11 150,00 |
| Påmeld.avg./utg. slalom | 700,00 | |
| Påmeld.avg./utg. langrenn | 700,00 | 2 325,00 |
| Påmeld.avg./utg. / orient. | 3 680,00 | 15 250,00 |
| Avg. og kont. fotball | 8 224,00 | 8 010,00 |
| Rennavgift til skikrinsen | 2 760,00 | 616,00 |
| Gåve og Diplom | 7 048,00 | 17 143,00 |
| Premiar Arrangement | 8 090,00 | 16 418,00 |
| Gåve Nordfj. Fritidssenter | 30 000,00 | 25 000,00 |
| Prosjektstøtte Nordfj.Fritidss. | | 3 400,00 |
| Årsavgifter | 830,00 | 810,00 |
| Forsikring | 30 644,00 | 29 495,00 |
| Korrigeringar øre/saldo | 5,97 | 9,00 |
| Bank- og kortgebyr | 856,00 | 1 054,50 |
| Gebyr Brønnøysund | 135,00 | 135,00 |
| | | |
| Ekstraordinær inntekt flaum | | -454 012,00 |
| Ekstraord.kostn. flaum | | 137 473,69 |
| | | |
| Sum kostnader | 353 968,89 | 69 807,60 |
| | | |
| Renteinntekt bankinnskudd | -9 858,16 | -4 583,54 |
| Utbytte fra samvirkeforetak | -1 077,00 | -696,00 |
| Rentekostnad banklån | 5,97 | |
| Rentekostn. levr. | 156,00 | 112,00 |
| | | |
| Sum renter/gebyr | -10773,19 | -5167,54 |
| | | |
| Årsresultat 2012/overskot | | -265 904,25 |
| Årsresultat 2013/underskot | | 25 987,00 |

Jorunn B. Roset

Rekneskap 15.01.14

Jorunn Elisabeth Beinnes Roset



Kommentar til rekneskapen 2013

Utvikling Eigenkapital Veten Idrettslag

| | |
|-----------------------|---|
| Eigenkapital 01.01.09 | 500.562 |
| Underskot 2009 | 58.887 pga. etterføring utg. tidl. år |
| Overskot 2010 | 60.603 pga overskot Hølmøyskarren kr.20000 og arenaleige jr NM kr.40000 |
| Underskot 2011 | 55.912 pga. ekstraordinær kostnad flaum kr. 118.769,- sjølv om vi fekk overskot JN kr. 172199 |
| Overskot 2012 | 265.904 Erstanning flaum kr. 454012, kostnad kr. 137473,- |
| Underskot 2013 | 25.987 |
| Eigenkapital 31.12.13 | 686.283 |

Oversikt flaumerstatning

| | |
|-----------------------|--------|
| Flaum erstatning 2012 | 454012 |
| utg.fläum 2011 | 118769 |
| utg.fläum 2012 | 137473 |
| overskot erstatning | 197770 |

Eigenkapitalen har auka med kr. 185.721 frå 01.01.2009 til 31.12.2013. Denne aukken skriv seg frå overskot flaumerstatning.

Samla resultat frå drift i 5-års perioden syner underskot på 12.049.



Til årsmøtet i IL Veten

Vi har revidert rekneskapen for IL Veten for 2013. Rekneskapen viser eit underskot på kr 25987,-

Rekneskapen gjev eit godt bilde av drifta i 2013.

Vi har ingen merknader til rekneskapen og finn ikkje vesentlege feil.

Fjelli, 26. januar 2014

Sonja Fjellkårstad Kari Sølvberg
Sonja Fjellkårstad Kari Sølvberg



**Balanse
Veten Idrettslag
pr.31.12.13**

Eigedeler

| | | |
|-----------------------------|-------------------|-------------------|
| Stryn Vinterski AS | 5 000,00 | 5 000,00 |
| Kundefordringer | 4 450,00 | 6 000,00 |
| Nordfjord Fritidssenter | 357 534,43 | 119 373,23 |
| Kasse, Kontanter | 605,00 | 800,00 |
| Kasse bading | 350,00 | 350,00 |
| Nordea 6557 05 03221 | 925,54 | 3 147,47 |
| Sparebanken 3795 10 4063 | 96 759,18 | 83 425,00 |
| Plasseringskonto 3705.15.66 | 208 979,27 | 501 004,27 |
| Nordea Minnefond 6557 45 | 21 935,75 | 21 674,10 |
| | 696 539,17 | 740 774,07 |

Eigedeler

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapital og gjeld

| | | |
|-----------------|--------------------|--------------------|
| Eigenkapital | -686 283,42 | -712 270,42 |
| Leverandørgjeld | -10 255,75 | -28 503,65 |
| | -696 539,17 | -740 774,07 |

Jorunn B. Roset

Rekneskap 15.01.14

Jorunn Elisabeth Beinnes Roset

*Revidert 26/1-14 Kari Solberg
Sanja Tjelkåsstad*







